



Skala Rådgivende ingeniører AS
Damsgårdsveien 131
5160 LAKSEVÅG

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/35 - 20/69630

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
03.11.2020

Endringsløyve for plassering av tilbygg til einebustad - gbnr 349/93 lo

Administrativt vedtak: Saknr: 1173/20
Tiltakshavar: Daniel Sygnowski
Søknadstype: Søknad om tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 jf. § 20-3 vert søknad om endring av 27.08.2020 godkjent på følgjande vilkår:

- 1. Alver kommune føreset at endra plassering av tilbygg skal skje i samsvar med situasjonsplanen, motteke 03.11.20.**
- 2. Vilkår satt i dispensasjon frå byggjegrense mot fylkesveg FV5316 av Vestland fylkeskommune i vedtak av 12.10.20 skal stettast.**

Saksutgreiing

Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av gitt løyve til oppføring av tilbygg til einebustad og hovudombygging av bustad, jf. vedtak datert 27.02.2020.

Endringa gjeld søknad om løyve til å flytta tilbygg 1 meter nærare nabogrense mot sør mot gbnr 349/11 og nærare fylkesveg FV5316.

Det vert elles vist til søknad mottatt 27.08.2020.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Kommunen etterspurte dokumentasjon i brev av 31.08.20.

Dokumentasjon vart motteken ved brev frå ansvarleg søkjar 03.11.20. Sakshandsamingsfristen er forlenga med den tida det har teke å supplere søknaden.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel for Meland er definert som bustadføremål i område B_16. Tiltaket krev ny dispensasjon frå byggjegrensa mot fylkesveg FV5316.



Dispensasjon og uttale frå anna styresmakt

Kommunen legg til grunn at omsøkt endring krev ny dispensasjon frå vegstyremakta.

Søkjar har henta inn ny dispensasjon frå byggjegrensa mot fylkesveg 12.10.20 frå Vestland fylkeskommune ettersom endra plassering kjem 1 meter nærare fylkesveg - 14,5 m frå senterlina.

Nabovarsel

Omsøkt endring er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3 første ledd. Det kjem ingen merknader frå naboar i saka.

Vurdering

Plassering

Omsøkt endring er vist i situasjonsplan datert 04.04.2019, motteken 03.11.20. Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg sækjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Avfallsplan

Tiltaket har ikkje krav til avfallsplan.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Regelverk

- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Søknad en skal nabovarlast etter pbl § 21-3.
- Krav til privatrettsleg sikra tilgang til vatn og avlaup følgjer av pbl. §§ 27-1 og 27-2.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg, jf. pbl § 27-4.
- Alle tiltak etter pbl skal ha gode visuelle kvalitetar i samsvar med pbl §§ 29-2, jf. 29-1.
- Krav til avfallsplan følgjer av byggtknisk forskrift (TEK) § 9-6.
- Krav til skildring av miljøsanering følgjer av TEK § 9-7.
- Kommunen kan gi dispensasjon med grunnlag i pbl § 19-2 andre ledd, men bør ikkje gi dispensasjon når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl § 19-2 fjerde ledd.
- Kommunen kan setje vilkår for ein dispensasjon, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve, jf. pbl § 21-6.
- Tiltaket må ikkje kome i konflikt med prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Førretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/35

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

D1 Situasjonsskart

Kopi til:

Daniel Sygnowski levegen 189 5917 ROSSLAND

Mottakarar:

Skala Rådgivende ingeniører Damsgårdsveie 5160 LAKSEVÅG
AS n 131